



DEN NORSKE
KYRKJA
Fjaler sokn
Dalstunet, Dalsvegen 105A
6963 Dale i Sunnfjord
Telefon: 40509452
E-post: kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
www.fjaler.kyrkja.no

KONFIRMAN[†] 2026

Dale, 26. mai 2025

Kjære ungdom og foreldre/føresette!

Vi inviterer deg til å vere med på konfirmasjonstida i Fjaler for året 2025-2026 med konfirmasjonsgudsteneste på vårparten neste år. Vi håpar du har lyst å vere med!

Som konfirmand vert du betre kjend med oss som arbeider i kyrkja og kyrkjelyden.

Men vi ønskjer aller mest at du skal bli betre kjend med Jesus Kristus.

Vi vil fokusere på dei "STORE" spørsmåla; om Gud, om trua og mennesket, livet og døden.

Dessutan vil vi diskutere etiske tema og dei vala vi gjer i livet.

Konfirmasjonstida sitt timetal er på om lag 60 timer der vi skal gjere og vere saman om mange ting.

Alle konfirmasjonssamlingane er utanom skuletida i Dale kyrkje og/eller på Ljosheim.

Det vil vere **ei** samling i månaden i tidsrommet **kl.18.00-20.00**. (Sjå vedlagte «hugsliste»)

I tillegg til dette blir konfirmantane delte inn grupper der kvar gruppe førebur ei gudsteneste.

Det vil være ei førebuingssamling for kvar gruppe før desse gudstenestene.

Laurdag 25. oktober 2025 reiser konfirmantane til Sande på konfirmantfestival.

Det er planlagt **konfirmanthelg på Alværa laurdag 21.- søndag 22. mars 2026**.

Fasteaksjonen, mandag 23. - tysdag 24. mars 2026, er ein aksjon der konfirmantane samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Fasteaksjonen blir avslutta med **solidaritetskonsert i Dale kyrkje tysdag 24. mars kl. 19.00**.

I løpet av året må konfirmantane delta på til saman **10 gudstenester** – også som *medliturgar* saman med presten. Dei song- og musikkglade konfirmantane kan bidra som *forsongarar, synge i kor og spele* i nokre gudstenester. Vi treng også nokon til å styre powerpoint på einskilde gudstenester.

Skal opplegget fungere, krevst det at kvar konfirmand er villig til:

- Å gå inn for å få mest mogleg ut av konfirmasjonstida.
- Å fylgje opplegget så langt som råd.

Udøypte konfirmantar kan bli døypt i løpet av konfirmasjonstida. For å bli konfirmert, må ein vere døypt. Viss dette er aktuelt, berre ta kontakt.

Eigenbetaling for konfirmasjonsåret er kr.1500,-. Giro vil bli levert/sendt til dei påmelde i løpet av året. Denne betalinga er med å dekke utgifter til aktivitetar, konfirmantfestival og konfirmanthelg.

Ønskjer du å bli innskriven som konfirmant, må du gå inn på denne adressa:
<https://minkirkeside.no/Fjaler> (du finn lenka på heimesida vår) og melde deg på. Ha klart personnummer, telefonnummer og e-post til konfirmanten og foreldra samt stad og dato for dåp før du begynner. Du registerer deg først med mobilnummer, så får du ein kode som du tastar inn. Du kan logge deg inn igjen seinare om du vil endre eller leggje til opplysningar. Vi anbefaler at konfirmant og foreldre/føresette gjer dette i lag.

Vi oppmodar om å melde seg på så tidleg som mogleg.

Om du ikkje får til elektronisk påmelding, må du ta kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg.

Før sommarferien er gudstenester med konfirmantinnskriving desse søndagane:

Guddal kyrkje	søndag 1. juni	kl.11.00
Dale kyrkje	søndag 15. juni	kl.11.00
Folkestad kapell	søndag 15. juni	kl.14.00

Til hausten er gudstenestene med konfirmantpresentasjon desse søndagane:

Folkestad kapell	søndag 24. august	kl.11.00
Guddal kyrkje	søndag 24. august	kl.14.00
Dale kyrkje	søndag 31. august	kl.11.00

Konfirmasjonsgudstenestene 2026 er sett opp slik:

Folkestad kapell	laurdag 25. april	kl.11.00
Dale kyrkje	laurdag 2. mai	kl.10.00(9A) og kl.12.00(9B)
Guddal kyrkje	torsdag 14. mai	kl.11.00

Vi ser fram til å bli betre kjent med deg! Velkommen som konfirmant!

Helsing



Knut Arne Kummeneje, sokneprest

Mobil: 908 55 230

kk824@kyrkja.no